



SAKSHANDSAMAR
Line Bårdseng
Ivar Nesse- Aarrestad

VÅR REF.
23/03744-12

DYKKAR REF.
2022/50962-19

VÅR DATO
16.02.2024

postmottak@ra.no
www.riksantikvaren.no

DYKKAR DATO

Vestland fylkeskommune
Postboks 7900
5020 BERGEN

Konsesjonssøknad for Øygarden transformatorstasjon, Øygarden kommune. Riksantikvaren si fråsegn

Riksantikvaren syner til oversending 24.12.23 frå Vestland fylkeskommune. Jamfør underretningsplikta i Forskrift om fastsetting av mynde mv. etter kulturminnelova § 7-3, vart konsesjonssøknad for Øygarden transformatorstasjon i Vestland fylke oversendt Riksantikvaren for vurdering då Fylkesutvalet ikkje ville reise motsegn. Konsesjonssøknaden gjeld siste del av trinn 1 i spenningsoppgradering Modalen – Kollsnes, med ny Øygarden transformatorstasjon.

Riksantikvaren deltok på synfaring 15.1.24 med representantar frå Statnett, Equinor, BKK og Vestland fylkeskommune.

Riksantikvaren held med administrasjonen i Vestland fylkeskommune i at tiltaket vil ha innverknad på landskapet. Samstundes er tiltaket luftleidningar som vil hengje over kulturminna, og mastene skal setjast ned i god avstand frå disse. Området er i dag prega av mange leidningar med master som går til Kollsnes transformatorstasjon. I tillegg ligg det to gassrøyr i bakken som går til Equinor sitt gassanlegg i nærleiken. Administrasjonen i Vestland fylkeskommune ville endre plassering av den nye leidninga, men dei to gassrøyra gjer at trase for den nye leidninga ikkje kan endrast.

Riksantikvaren vurderer at den ny leidninga ikkje vil være ytterlegare utilbørleg skjemmande ut over situasjonen i dag, og tiltaket kan òg reverserast.

Riksantikvaren har òg sett saka opp mot samfunnsnytta av tiltaket og er komen til at vi ikkje tek over saka frå fylkeskommunen. Vi ber fylkeskommunen uttale seg til konsesjonssøknaden.

Kulturmiljø

Området har mange automatisk freda kulturminne; busetting og aktivitetsområde frå eldre og yngre steinalder og frå overgangen mellom steinalder og bronsealder. Kulturminna viser til ein gjentakande bruk av området frå dei tidlegaste tider i steinalderen fram til bronsealder. Det er og tatt ut dateringsprøver frå kolhaldeleg jord som kan vere spor etter bråtebrenning i samband med jordbruk i utmarka i perioden mellom yngre steinalder, bronsealder og overgangen til jernalder.

Kulturarv i Vestland fylkeskommune si vurdering

Kulturarv i Vestland fylkeskommune viser til at «Ny leidning over Straumsneset er planlagt å passere direkte over kulturminna med id. 97637, 299221, 94874 og nær fleire andre. Den vil gå gjennom eit kulturlandskap med høg tettleik av automatisk freda buplassar/ aktivitetsområde frå steinalder, bronsealder og eldre jernalder.»

Fylkeskommunen si vurdering er at ny leidning vil innebere nærverknad, visuell fjernverknad og potensielt direkte inngrep i automatisk freda lokalitetar. Vidare meiner dei at kulturmiljøet vil bli sterkt forringa og tiltaket vil gi alvorleg konsekvens. Dei peiker og på at visuell kontakt med sjøen og mellom lokalitetane over sundet er svært viktig for opplevinga av kulturlandskapet. Kulturarv i Vestland fylkeskommune konkluderer med at desse tiltaka er i "direkte konflikt med kulturmiljøet, og at master og leidningar vil være utilbørleg skjemmande i eit så verdifullt kulturmiljø."

Konklusjon

Riksantikvaren held med administrasjonen i Vestland fylkeskommune i at tiltaket vil ha innverknad på landskapet. Samstundes er tiltaket luftleidningar som vil hengje over kulturminna, og mastene skal setjast ned i god avstand frå disse. Området er i dag prega av mange leidningar med master som går til Kollsnes transformatorstasjon. I tillegg ligg det to gassrør i bakken som går til Equinor sitt gassanlegg i nærleiken. Administrasjonen i Vestland fylkeskommune ville endre plassering av den nye leidninga, men dei to gassrøyra gjer at trase for den nye leidninga ikkje kan endrast. Riksantikvaren vurderer det slik at den ny leidninga ikkje vil være ytterlegare utilbørleg skjemmande utover situasjonen i dag, og at tiltaket kan reverserast.

Riksantikvaren vil presisere at mastene må plasserast i god avstand frå kulturminna og at detaljplan må beskrive korleis dei eksisterande strømkablane Lindås-Kollsnes og Litle Sotra-Kolsnes skal rivast slik at det ikkje fører til skade på dei automatisk freda kulturminna.

Riksantikvaren har òg sett saka opp mot samfunnsnytta av tiltaket og er komen til at vi ikkje tek over saka frå fylkeskommunen. Vi ber fylkeskommunen uttale seg til konsesjonssøknaden.

Denne saka skulle ha vore handsama av fylkeskommunen sjølv, og Riksantikvaren oppmodar Vestland fylkeskommune om å følgje opp motsegn frå eigen administrasjon.

Beste helsing

Jarle Jarleson Vaage
seksjonssjef

Line Bårdseng

Brevet er elektronisk godkjend

Kopi til: NVE - Norges vassdrags- og energidirektorat, Postboks 5091 Majorstua, 0301 Oslo/
BKK Nett AS, Postboks 7050, 5020 BERGEN/ Statnett SF - Oslo, Pb 4904 Nydalen, 0423
OSLO/ Equinor ASA, Postboks 8500, 4035 STAVANGER